



- Betre verktøy for å berekne gode fôrrasjonar til geit

Forfatter

Helga Kvamsås, Topp Team Fôring Geit

Hege Gonsholt, Topp Team Fôring Geit

Sammendrag

Tine Rådgiving tar i haust i bruk eit nytt verktøy i fôrplanlegging til geit. Målet med ein fôrplan er å optimere fôringa for å oppnå ønska ytelse, mjølke kvalitet og effektiv utnytting av fôr. Ei svært viktig forutsetning for å lukkast med dette, er at fôrrasjonen gir ein optimal vomfunksjon som legg grunnlaget for ønska respons i ytelse og mjølketørrestoff.

Publisert

2012

Referanse

Sau og Geit nr. 4/2012

Utskriftsdato

31.07.2021 www.fag.nsg.no

- Betre verktøy for å berekne gode fôrrasjonar til geit

Tine Rådgiving tar i haust i bruk eit nytt verktøy i fôrplanlegging til geit. Målet med ein fôrplan er å optimere fôringa for å oppnå ønska ytelse, mjølke kvalitet og effektiv utnytting av fôr. Ei svært viktig forutsetning for å lukkast med dette, er at fôrrasjonen gir ein optimal vomfunksjon som legg grunnlaget for ønska respons i ytelse og mjølketørstoff.

Det nye fôrplanleggingsverktøyet gir oss mulighet til å berekne fôrrasjonen sin verknad på vommiljøet i tillegg til berekning av energi- og proteinforsyning. Fôrplanleggingsprogrammet gir også mulighet til å planlegge fôring av kje, ungdyr og mjølkegeiter og til å lage ein heilscapeleg plan for heile besetninga.

Framleis stort potensiale for betre fôrplanlegging

Dei siste 5–10 åra har vi sett store endringar i geitehaldet. Sjukdoms-sanering, betre kjeoppdrett og endring av ulike miljøfaktorar har resultert i auka avdrått i mange buskapar. For å skape økonomisk fundament for investeringar i driftsapparatet, er det stor interesse for kjøp eller leige av kvoter. Kvotefylling og styring av avdråttsnivå er essensielt for økonomien.

Nye styringssystem gjennom kraftfôrautomatar og mjølkestallar gir nye muligheter for betre fôringsstrategiar. På mange geitebruk er det høgt fokus på grovfôr kvalitet, men det er framleis potensiale for meir optimal grovfôr kvalitet og betre utnytting av grovfôret. Enno er det for få produsentar som tek ut grovfôrprøver til analyse og verkeleg planlegg fôringa med grunnlag i det viktigste fôret ein har - grovfôret.

Fôringsstrategiar som utfordrar geitene sin kapasitet til å ete grovfôr

Fôringsstrategi til geit er i praksis oftast å føre etter *forventa* avdrått eller etter *faktisk* avdrått. Hvis ein ikkje har grovfôranalyser som grunnlag, vert kraftfôrtype og kraftfôrnivå ofte bestemt av generelle fôringsråd, tidlegare egne erfaringar, andre sine erfaringar og korleis geitene tåler kraftfôret, det vil seie gjødsel-konsistensen. Vidare er tidspunktet for kvotefylling ofte bestemmende for lengda av tørpperioden.

Etter kvart bør vi også over på fôringsstrategiar som tar utgangspunkt i eit planlagt avdråttsnivå bestemt av kvotefylling, grovfôrressurser og økonomisk optimalt dyretal. Då kan vi, gjennom systematisk planlegging, disponere kraftfôret gjennom laktasjonen på en riktig måte i høve til grovfôr kvaliteten og geitene sin kapasitet til å ta opp grovfôr i ulike periodar.

Fôringa er avgjerande for respons i ytelse og mjølke kvalitet

Ein god fôrrasjon til geit skal gi nok fysisk struktur og eit gunstig forhold mellom lettløselege og tungtløselege karbohydrat, slik at det ikkje vert for surt vommiljø.

Fôringas dilemma er ofte at mykje grovfôr i rasjonen begrensar energiforsyninga til mjølkeproduksjonen, men rasjonar med store mengder kraftfôr og stor energiforsyning kan gi nedsett grovfôropptak, sur vom, låg fettprosent og helseproblem. Utfordringa er å balansere rasjonen slik at forholdet mellom kraftfôrmengde/-type og grovfôr optimaliserer grovfôropptaket, gir gode forhold i vomma og dekker geitas energi- og proteinbehov best mogleg.

Gode grunnlagsopplysningar er forutsetninga for god fôrplanlegging

TINE Fôrplan Geit tar utgangspunkt i grovfôr kvalitet, levandevekt av geitene,

Kontroll på rasjonen skal sikre god vomfunksjon og optimalt grovfôropptak

TINE Fôrplan Geit bereknar nye rasjonsparameter som gir oss betre kontroll med fôringa.

Parameter	Berekning og betydning	Grenseverdi
Vombelastning	Stivelse + sukker/ NDF	0,5
Stivelse	For høgt innhald av stivelse kan gi sur vom	< 150 g/kg TS
Stivelse + Sukker		< 200 g/kg TS
Tyggetid	Tygging og drøvtygging er viktig for spyttproduksjon og bufring av vomma.	> 36 min/kg TS
Råfett	Fett-tilførsel til jur er gunstig for fettproduksjon og har gunstig verknad på nivå av frie fettsyrer. For høgt fettinnhald kan sette ned fordøyeligheten av grovfôr.	Min. 50–60 g/kg TS Max. 70–80 g/kg TS

mjølkeyting i kg energikorrigerert mjølk og eventuelle tilvekstkrav.

Berekning av sannsynlig grovfôr-opptak er svært viktig for å balansere rasjonen riktig. Levandevekt av geita er den faktoren ved dyret som har størst betydning for grovfôr-opptaket, mens innhald av NDF i grovfôret er den viktigaste faktoren ved fôret som er avgjerande. Andre faktorar som er viktige for grovfôr-opptak er mjølkeyting, laktasjonsstadium, laktasjonsnummer, fordøyelighet av NDF, gjæringskvalitet og andel kraftfôr i rasjonen.

Berekning av sannsynlig grovfôr-opptak er basert på geitas NDF-kapasitet


Forsøk og erfaringar viser at fôropp-takskapasiteten til geitene ligg på ca. 14 g NDF pr. kg kroppsvekt i total-rasjonen. I TINE Fôrplan Geit balanserer vi rasjonen med utgangspunkt i denne verdien.

TINE Fôringsrådgeving for geit skal vere heilskapeleg og langsiktig

Rådgevinga skal vere tilpassa produsenten sine behov. TINE rådgeving er fleksibel i høve til tal besøk og oppfylgjing. Eit rådgevingsopplegg i ei besetning kan ha ulike former, men best forutsetning for å lukkast har ein med langsiktig og heilskapeleg sam-

arbeid mellom rådgjevar og produsent. Viktigast av alt er at ein set opp klare målsetjingar, avklarar ansvar for ulike tiltak og registreringar, fylger opp og

kontrollerer resultatata fortløpande og justerer undervegs. Et rådgevingsopplegg gjennom året kan til dømes sjå ut slik:



Av Helga Kvamsås og Hege Gonsholt Topp Team Fôring Geit

Eksempel på berekningar som inngår i TINE Fôrplan Geit

Berekning av fôrbehov til førstelaktasjonsgeiter, avdrått 3,3 kg energikorrigerert mjølk, planlagt tilvekst frå 45 til 58 kg på 300 dagar.

Startvekt	Tilvekst g/dag	Sluttvekt	Dags-avdrått	Avdr. energi-korr. mjølk	Fôrbehov	
					FEm pr. dag	AAT g/dag
45	50	58	3,5	3,3	2,42	225

Tildeling av valgte fôrslag ut frå balanse på 14 g NDF pr. kg levandevekt i total fôrrasjon.

Tildeling FEm pr. dag

Rundballer, grovfôr	FORMEL Geit 80	FK Betefôr
1,0	0,8	0,4

Berekning av energi- og proteindekning, PBV-nivå og parameter for verknad på vomfunksjon:

NDF g/kg lev.vekt	FEm balanse %	FEm Dekning avvik	AAT-Balanse %	Fôropp-tak Kg TS pr. dag	P B V	Vom-belastn. g/gNDF	Tyggetid Min/kg TS	Fett g/kg TS	Stivelse g/kg TS	Stivelse + Sukker g/kg TS
14	93%	- 0,17	88%	2,3	10	0,38	45	49	96	162

Berekningane syner om rasjonen oppfyller krava til ein god fôrmasjon til denne gruppa av geiter.

Alltid oppdatert

www.nsg.no